# Vågsøy kommune

# Møteprotokoll

# Oppvekst- og kulturutvalg

| | |
|---|---|
| **Møtested:** | Formannskapssalen, 3. etg. |
| **Møtedato:** | 10.03.2015 |
| **Tidspunkt:** | 08:00 - 10:40 |

**Til behandling:** **Saksliste nr. 005/15 - 008/15**

Medlemmer:
- H - Anett Berg (Leder)
- AP - Frode Falkevik Kupen (Medlem)
- FRP - Kåre Eide (Medlem)
- KRF - Marianne K. Pleym Refvik (Medlem)
- V - Selma Strand Larsen (Medlem)

Varamedlemmer:
- SP - Marit Nore Sørhaug (Varamedlem)
- H - Yolima Ramsevik (Varamedlem)

Forfall:
- H - Erlend Hagen (Medlem)
- SP - Terje Kolseth (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 5. Totalt frammøtte: 7.

Repr. Selma Strand Larsen fratrådte møtet kl. 09.25.
Repr. Yolima Ramsevik fratrådte møtet kl. 10.00.

Fra administrasjonen møtte: kommunalsjef Ove Aksnes.

Måløy, 11.03.2015

Ove Aksnes
kommunalsjef

Irene Sivertsen
konsulent

## Følgende saker ble behandlet:

| Sak nr. | Sakstittel | |
|---|---|---|
| 005/15 | Godkjenning av møteprotokoll | |
| 006/15 | Referatsaker | |
| 007/15 | Ferieopen SFO | |
| 008/15 | Søknader om tilskot til lokale kulturbygg 2015 | |

Kommentar til innkallingen:
Repr. Frode Kupen presiserte at det burte vært informert om i selve innkallingen at orienteringen om Vågsøy ungdomsskule skulle holdes i lukket møte.

Orienteringer fra kommunalsjef Ove Aksnes:
- Prosjekt «Glade menneske som mestrer»
- Bemanningssituasjon på skolene
- Arbeid med innføring av PALS i barneskolene

Rehabilitering/nybygg Vågsøy ungdomsskule:
Tjenesteleder eiendom Frode Weltzien orienterte om innkomne anbud.
Orienteringen ble avholdt i lukket møte grunnet at saken er unntatt offentlighet ihht. §13/§13: Oppl. underl.teieplikt Off.l.§13/Fv.l.§13.

Barnehagedagen 10. mars:
Tjenesteleder Skavøypoll barnehage, Janne Halsør, orienterte om Barnehagedagen og viste frem videoen «Vi vil ut». Formålet er å synliggjøre barna og hva de er opptatt av i løpet av en barnehagedag.

**Vågsøy kommune**

**Sakspapir**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utvalg m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 10.03.2015 | 005/15 |

| **Endelig vedtak i:** Oppvekst- og kulturutvalg | **Arkivsaknr.:** **15/305** | **Saksansvarlig:** **Irene Sivertsen** |
|---|---|---|

# Godkjenning av møteprotokoll

## Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

## 10.03.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

## Møtebehandling:

Ingen merknader.

## Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

OK-005/15

## Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 20.01.2015 ligger under «Mine referater» i Politikerportalen.

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utvalg m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 10.03.2015 | 006/15 |

| **Endelig vedtak i:**<br>Oppvekst- og kulturutvalget | **Arkivsaknr.:**<br>**15/304** | **Saksansvarlig:**<br>**Irene Sivertsen** |
|---|---|---|

## Referatsaker

## Rådmannens innstilling
Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

## 10.03.2015 Oppvekst- og kulturutvalg
## Møtebehandling:
Kommunalsjef Ove Aksnes orienterte om de ulike referatsakene.

## Votering
Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

OK-006/15
## Vedtak:
Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

## Liste over dokumenter til orientering:

| Nr | Dok.ID | | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|---|---|---|---|---|---|
| 1 | 15/1325 | I | 30.01.2015 | Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartementet | Kommunale og fylkeskommunale reglementer om folkevalgtes taushetsplikt ved lukking av møter |
| 2 | 15/513 | I | 13.01.2015 | Det kongelige klima- og miljøverndepartementet | Krigens kulturminner |
| 3 | 15/1462 | I | 03.02.2015 | Sogn og Fjordane Fylkeskommune | Norsk kulturindeks 2014 - resultat for Sogn og Fjordane |
| 4 | 15/1123 | I | 17.10.2014 | Friluftsrådenes Landsforbund | Sett friluftsliv på dagsorden og bli en friluftslivets år kommune og kåring av årets |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | | | | | friluftslivkommune |
| 5 | 15/1428 | I | 15.12.2014 | Det kongelige kunnskapsdepartementet | Om deltakelse i European School Survey Project - ESPAD - Spørreundersøkelse blant skoleelever om bruk av tobakk, alkohol og narkotika |
| 6 | 15/1864 | I | 16.02.2015 | Sogn og Fjordane Fylkeskommune | Utbetaling av spelemidlar anleggsnummer 1439 0016 04 garderobeanlegg Skavøypoll stadion |
| 7 | 15/2025 | I | 19.02.2015 | Fylkesmannen i Sogn og Fjordane | Fagbrev i barne- og ungdomsarbeiderfaget - kartlegging av kompetanse |
| 8 | 15/2358 | I | 27.02.2015 | Det kongelige kunnskapsdepartementet | Høring - forslag til regulering av gratis kjernetid i forskrift om foreldrebetaling i barnehager - frist 17.04.2015 |

9. Brev til skoler og skoleeiere ang. elevenes læringsmiljø

# Vågsøy kommune

## Sakspapir

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 10.03.2015 | 007/15 |

| **Endeleg vedtak i:**<br>Oppvekst- og kulturutvalet | **Arkivsaknr.:**<br>**14/1234** | **Saksansvarleg:**<br>**Torill Furnes Myhre** |
|---|---|---|

# Ferieopen SFO

## Rådmannen si innstilling

Oppvekst- og kulturutvalet kan ikkje sjå at det er kome til nye moment i denne saka som tilseier  ein anna konklusjon enn den som blei gjort i 2010.

## 10.03.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

## Møtebehandling:

Oppvekst- og kulturutvalget diskuterte.

Ap v/repr. Frode Kupen fremmet følgende endringsforslag:

«OK-utvalet ønskjer at administrasjonen sjekkar ut om lokale lag og organisasjonar ønskjer å vere med å arrangere sommarskule/aktivitetsklubb i staden for SFO.
Frå tidlegare års erfaring veit vi at det er vanskeleg å drive SFO i kommunal regi.
Ber administrasjonen melde tilbake til OK-utvalet om det er interesse for dette».

FrP v/repr. Kåre Eide fremmet følgende endringsforslag:

«OK vedtar at det blir undersøkt om det er grunnlag for å holde åpent SFO om sommeren.
Forutsetninger er bindende påmelding, holdes på en skole, selvfinansierende.»

## Votering

Det ble først votert over rådmannens innstilling. Rådmannens innstilling falt med 7 stemmer.
Endringsforslaget til repr. Kupen ble deretter votert alternativt over endringsforslaget til repr. Eide.
Endringsforslaget til repr. Eide falt med 6 stemmer.

OK-007/15

## Vedtak:

OK-utvalet ønskjer at administrasjonen sjekkar ut om lokale lag og organisasjonar ønskjer å vere med å arrangere sommarskule/aktivitetsklubb i staden for SFO.
Frå tidlegare års erfaring veit vi at det er vanskeleg å drive SFO i kommunal regi.
Ber administrasjonen melde tilbake til OK-utvalet om det er interesse for dette.

## Bakgrunn for saka

<Kommunen har mottatt brev  frå FAU ved Skavøypoll skule der ein ber om  å få utgreidd ei ordning med ferieopen SFO i kommunen.>

## Saksopplysningar / fakta

<Ein har tidlegare forsøkt ordningar med sommaropen SFO i kommunen der tilbodet har synt seg å være lite etterspurt og nytta. Jamfør siste  utgreiing i 2010.
I dette høvet har ein fått ei henvending frå FAU ved Skavøypoll Skule. Saka har vore referert i Kommunalt Foreldreutval, men ein har ikkje fått henvendingar frå andre skular.>

## Vurdering / konsekvensar

<Det er ikkje lagt inn  midlar i budsjett til ei utviding av SFO ordninga inneværande år. Dette gjer at ei ordning med utvida SFO tilbod må finansierast fullt ut av brukarane sjølve. Ei utviding av SFO –tilbodet vil innebere auka kostnadar  og ein vil få ei omleggjing av personalet si arbeidstid og arbeidsvilkår.
FAU ved Skavøypoll Skule viser til ei ordning i Volda Kommune der ein krev betaling for 11 månadar i staden for  10 månadar, slik vi har i kommunen i dag. Dette vil bety  ei auka utgift  for alle brukarane av SFO og føre til at fleirtalet må betale for det eit lite mindretal ønskjer og eventuelt nyttar.
>

Vedlegg:

| Dok.nr | Tittel på vedlegg |
|---|---|
| 151377 | Ferieopen SFO |
| 151378 | Vedtekter for dei kommunale skulefritidsordningane i Volda kommune |

**Journalposter i arkivsaken – uprenta  vedlegg**

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottaker | Tittel |
|---|---|---|---|---|
| 1 | I | 27.10.2014 | FAU Skavøypoll skule; FAU Skavøypoll skule | Ferieopen SFO |
| 2 | U | 10.11.2014 | FAU Skavøypoll skule; FAU Skavøypoll skule | Ferieopen SFO |
| 3 | I | 10.02.2015 | Espen Westbye | Spørsmål om sommeråpent SFO |
| 4 | U | 12.02.2015 | Espen Westbye | Svar på spørsmål om sommeråpent SFO |

**Vågsøy kommune**

**Sakspapir**

| SAKSGANG | | |
|---|---|---|
| **Styre, råd, utval m.m.** | **Møtedato** | **Saksnummer** |
| Oppvekst- og kulturutvalg | 10.03.2015 | 008/15 |

| **Endeleg vedtak i:** Oppvekst- og kulturutvalet | **Arkivsaknr.:** **15/151** | **Saksansvarleg:** **Dagny-Ann Gangeskar** |
|---|---|---|

# Søknader om tilskot til lokale kulturbygg 2015

## Rådmannen si innstilling

Oppvekst- og kulturutvalet vedtar å sende inn søknadane i denne prioriteringa:
1. Nord-Vågsøy kulturhus
2. Kulturhuset Turnhallen

## 10.03.2015 Oppvekst- og kulturutvalg

## Møtebehandling:

Oppvekst- og kulturutvalget diskuterte. Det fremkom ingen endringsforslag.

## Votering

Rådmannens innstilling enstremmig vedtatt.

OK-008/15

## Vedtak:

Oppvekst- og kulturutvalet vedtar å sende inn søknadane i denne prioriteringa:
1. Nord-Vågsøy kulturhus
2. Kulturhuset Turnhallen

## Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen lyser ut tilskot til kulturbygg i Sogn og Fjordane. Søknadane skal sendast inn via kommunen. Kommunen fastset kommunal frist og prioriterer søknadane. Den kommunale fristen i 2015 er sett til 20. februar. Kommunen har frist til den 30. april med å sende inn søknadane til fylkeskommunen i prioritert rekkefølgje.

## Saksopplysningar / fakta

Formålet med ordninga er å skape eigna lokale, bygningar og arenaer for ulike kulturelle aktivitetar. Tilskotet kan gå til kulturhus, fleirbrukslokale eller spesiallokale for kunst og kultur som til dømes bibliotek og museumsbygg. Midlane skal gå til nybygg, ombygging og modernisering, ikkje til vedlikehald og drift.

Tilskotet kan utgjere 1/3 av godkjent prosjektkostnad, maksimalt 1 500 000 kroner.

Fylkeskommunen har valt å prioritere tiltak som skal redusere energiforbruket og kulturbygg som samlar ulike kulturaktivitetar.

Kommunen skal sikre at søknadane fyller dei formelle krava og gjere ei politisk prioritering av søknadane.

Vedlagt ligg retningsliner for tilskot. Der står det meir om kven som kan søkje, søknadsfristar, vedlegg som skal følgje søknaden og krav til desse, tilskotssum og andre vilkår.

Det har vore informert om ordninga i lokalavisa, på heimesida og på facebook.

Det har kome inn to søknadar. Ein frå Nord- Vågsøy kulturhus SA og ein frå Kulturhuset Turnhallen.

**Nord-Vågsøy kulturhus:**

Raudeberg samfunnshus er frå 1953 og er pr i dag i dårlig stand og ikkje universelt utforma. Ei gruppearbeider no med å få på plass eit nytt kulturhus på Raudeberg.

Det er tenkt at Nord-Vågsøy kulturhus skal ha potensiale for utleige til:

- lag og organisasjonar
- øvingslokale for kor og musikk
- seniordans, teater- og revyscene
- møtelokale, barn- og leikerom
- lokalt utleige som til t.d. minnestunder, konfirmasjon, barnedåp, bryllaup og julebord
- kafé med bl.a. pensjonisttreff, fotballkveldar, quis, bingo
- utleige til næringslivet. Møter og kurs.
- godt utstyrte møteromsfasilitetar med m.a. fibertilknytning
- cateringkjøkken med avtale om matlevering
- 2- eller 3 deling av storsal for å huse fleire arr. samtidig
- bygdearrangement med dans- og revy.
- samarbeid med kommunale møter, LO osb..

Nord-Vågsøy kulturhus vil vere eit energisparande lokale. Og vil nytte elektrisk ventilasjon etc. som allereie er i bygget.

Søknadssum: kr 1 500 000,- av total prosjektsum kr 7 365 000,-

Dugnad, lån og eigenkapital dekker resten av finansieringa.

**Kulturhuset Turnhallen:**

Turnhallen vart bygd tidleg på 1920-talet og har i alle år vore eit hus fylt med kulturelle aktivitetar. Huset er i dag drive av tre medeigarar; Stiftelsen Klokkergården, Musikklubben og Teateret Måløy. Medeigarane har eit ønske om å ta vare på historia til huset og vidareutvikle Turnhallen som eit viktig kulturhus for heile kommunen.

Turnhallen har i dag blitt eit multifunksjonelt hus, der bl.a. Vågsøy kommune er leigetakar til kino og ungdomsklubb. Andre aktivitetar i huset er dansestudio, musikklokale, teatersal, songøvingsrom, biljardrom, eit mindre kjøken og eit storkjøken. Turnhallen vert også nytta til lokalt utleige som t.d. konfirmasjon, barnedåp, bryllaup og julebord.

Det er avgjerande for vidare drift av Kulturhuset Turnhallen at bygget utvendig moderniseras til ein meir varig standard som krev lite vedlikehald og som samtidig varetek det estetiske utrykk huset har i dag.

Søknadssum: kr 180 000,- av total prosjektsum kr 550 000,-

Dugnad, lån og eigenkapital dekker resten av finansieringa.

## Vurdering / konsekvensar

Dei lokale kulturhusa som vi har i kommunen er viktige for eit variert kulturliv. Bygga er samlande for dei som bur i kommunen og viktige arenaer for det lokale organisasjonslivet.

Rådmannen tilrår oppvekst og kulturutvalet å prioritere Nord-Vågsøy kulturhus som nummer ein og Kulturhuset Turnhallen som nummer to.

Vedlegg:

| Dok.nr | Tittel på vedlegg |
|---|---|
| 160525 | Desentralisert_ordning_kulturbygg_retningsliner_vedteke_2013.pdf |